



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Sogndal

REKRUTTERE, LÆRE OPP OG TA VARE PÅ FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR



-HANDLINGSPLAN-
**SOKNA I
SOGNDAL KOMMUNE**

Innhald

INNLEIING.....	3
STYRINGSDOCUMENT.....	3
STRATEGI FOR DEI KYRKJELEG TILSETTE SITT ARBEID MED FRIVILLIGE.....	4
Verdigrunnlag.....	5
STATUS OG UTFORDRINGAR.....	5
MÅL.....	6
TILTAK.....	7
OVERSYN VEDLEGG	8
VEDLEGG 1: Strategiplan for dei kyrkjeleg tilsette sitt arbeid med frivillige.....	09
VEDLEGG 2: Rutineskildringar som gjeld oppgåver utført av frivillige.....	11
VEDLEGG 3 a: Rettleiar for rekruttering av frivillige.....	12
VEDLEGG 3 b: Velkomstbrev.....	14
VEDLEGG 4: Årshjul.....	15
VEDLEGG 5: Skjema for sokneråda si rapportering på måloppnåing.....	18

INNLEIING

Sogndal kyrkjelege fellesråd omfattar frå 2020 Stedje, Kaupanger, Norum, Fjærland, Balestrand* og Leikanger sokn.

I 2017 utarbeidde kyrkjekontoret ein strategi for oppfølging av frivillige medarbeidrarar. I samband med visitasen i april 2018 bad biskopen kyrkjekontoret følgje dette opp med ein handlingsplan.

Arbeidet har vore organisert som eit prosjekt (stabsmøte 15.05.18), og prosjektgruppa har hatt desse medlemene: Kjell Olav Nordheim (sokneprest), Gitte Therkelsen Torstad (diakon), Monica Ugulsvik (kyrkjelydspedagog) og Inger Pedersen (prosjektleiar).

Sokneråda har vorte informert i eigne møte, og har hatt høve til å kome med innspel og gje fråsegn til planen. I tillegg har det vore eit fellesmøte med representantar frå alle fem sokna. Det har vore informert om planarbeidet i dei to kyrkjelydsblada.

Det har vore gjennomført ei samling for frivillige medarbeidrarar, der det mellom andre var lagt til rette for at frivillige kunne kome med innspel til tiltak. Samlinga hadde om lag 60 deltagarar.

Diakoniutvalet har fungert som referansegruppe og har drøfta ulike delar av planen på 5 møte.

Planen vart godkjend i stabsmøte den 23.04.2019.

Det er utarbeidd ein kortversjon av planen som òg er tilgjengeleg på kyrkja si nettside.

* *Kyrkjeverja i Balestrand fekk undervegs kopi av møtereferata frå prosjektgruppa til orientering og i samband med kommunesamanslåing frå 1.1.2020 har Balestrand sokneråd slutta seg til den vedtekne planen.*



STYRINGSDOCUMENT

1. Biskopen sitt visitasforedrag dagsett 29.04.18.
2. Bjørgvin bispedømeråd sin strategi og årsplan for 2018-2020.
Strategien legg vekt på fellesskap og har følgjande strategiske satsingar: 1) Systematikk og kvalitet i det daglege arbeidet, 2) Gudsteneste, ungdom og diakoni og 3) Rekruttering og finansiering. Punktet rekruttering omhandlar òg rekruttering og oppfølging av frivillige medarbeidrarar.
3. Lov om Den norske kirke (Kirkeloven).
Lova definerer mellom anna kva som er sokneråda sine oppgåver (§9):
«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forklynt, syke og dødende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.
Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeide og utvikles i soknet.»
4. Plan for trusopplæring
Planen som er felles for alle fem sokna, omfattar aldersgruppa 0-18 år. Konfirmantopplæringa er ein del av planen. Planen vart vedteken av sokneråda hausten 2018.
5. Sokneråda sine planar for diakoni.
6. Sokneråda sine årsplanar.
7. Strategi for dei kyrkjeleg tilsette sitt arbeid med frivillige.

STRATEGI FOR DEI KYRKJELEG TILSETTE SITT ARBEID MED FRIVILLIGE

Strategiplan for dei tilsette sitt arbeid med frivillige vart utarbeidd i mai 2017. Her er teke med visjon, mål, verdigrunnlag og strategi. Heile strategiplanen ligg som vedlegg til handlingsplanen.

Visjon

Saman vil vi ære Den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelyder og fremje rettferd.

Hovudmål

Kyrkja er eit fellesskap av alle døypte, både tilsette og frivillige, med relasjon til Gud og kvarandre. Med dei ressursar og evner vi har, vil tilsette saman med frivillige legge vekt på

- å styrke relasjonane
- byggje kyrkjelyden
- at den einskilde skal finne sin plass og høyre til.

Verdigrunnlag

Samarbeidet i kyrkjelyden mellom tilsette og frivillige er ein sentral diakonal dimensjon ved det å vere kyrkje, basert på verdiane for:

- Nestekjærleik og likeverd – Jesus sitt bod til oss.
- Inkluderande fellesskap – plass til alle. Kyrkja som ein trygg heim til oppbygging og trøyst.
- Empowerment og autonomi – gi kvarandre mynde og rom til å vere seg sjølv, blomstre og utøve ut frå eigne ressursar.
- Respekt og omsorg – sjå seg tilbake, har eg gjort rett? Sjå og høyre den andre.

Strategi

- Tilsette skal arbeide med korleis samarbeidet med frivillige skal vere prega av gjensidig respekt for kvarandre.
- Tilsette må ha vilje til ivaretaking og oppfølging av dei frivillige.
- Tilsette må legge vinn på ei motiverande haldning, med utveksling og utvikling av kompetanse, ferdigheter og kunnskap.
- Tilsette må legge til rette for, og fristille frivillige til eigne val og la dei vere med på å påverke avgjersler.
- Frivillig arbeid skal bidra til å gi meinung og samanheng for kyrkjelyden og for den einskilde.
- Tilsette skal sikre god kommunikasjon og informasjonsflyt i samarbeidet med frivillige til ei kvar tid.

STATUS OG UTFORDRINGAR

I 2017 var det registrert 733 frivillige til saman i alle fem sokna – fordelt på om lag 25 ulike typar tenester – der dei fleste var representerte i alle sokna.

Vi har ein endringsvillig og engasjert stab med høvesvis låg snittalder samanlikna med mange andre kyrkjekontor – og med utdanninger som høver til stillingane. Det er tilsett ein kyrkjelyds-pedagog som har ansvaret for trusopplæringa i alle fem sokna, og ein diakon som leiar det diakonale arbeidet i fire av sokna (ikkje Leikanger). Ein av dei tre prestane er ungdomsprest med mellom anna ansvar for konfirmantopplæringa i alle fem sokna. Kyrkja i Sogndal og Leikanger har eit godt omdøme i bygdene og stor kontaktflate i organisasjonslivet.

Engasjerte sokneråd, frivillige og tilsette syter for stor aktivitet i dei fem sokna våre, og det er svært mange timer med frivillig arbeid som vert lagt ned. Dette er ein styrke for arbeidet i kyrkjelydane, og vi har ein stor moglegheit til å tilby meiningsfull fritid og tenestefellesskap.

Vi har òg gode digitale verktøy for å følgje opp frivillige medarbeidrarar.

Både sokneråda og dei tilsette rekrutterer og følgjer i dag opp frivillige medarbeidarar, og dette varierer frå sokn til sokn:

- - På Leikanger er det både kyrklege tilsette og sokneråd som rekrutterer – ofte ved direkte spørsmål til personar ein kjenner.
- - I Kaupanger, Fjærland og Norum er det for det meste soknerådet som rekrutterer ved direkte spørsmål.
- - I Stedje er det i større grad tilsette som rekrutterer, ofte ved direkte spørsmål.
- - På TOL-tiltak vert òg foreldre og fadrar alltid inviterte til å vere med som frivillige på tiltaket.

Handlingsplan for å rekruttere, lære opp og ta vare på frivillige medarbeidrar

Sokneråda sitt ansvar er definert i kyrkjelova §9. Dette omfattar òg trusopplæring, konfirmantoplæring og diakoni som til dels vert utført av tilsette. Oppfølging av frivillige omfattar både å rekruttere, lære opp og ta vare på.

Utifrå erfaring og møte med både sokneråd og frivillige ser vi desse utfordringane:

- - Det er behov for fleire frivillige for å løyse dei oppgåvene vi alt har, og planlagde nye oppgåver mellom anna tiltak for ungdom etter konfirmantalder.
- - Mange frivillige har eit punktuelt engasjement (eit spørsmål, ei oppgåve, ein gong) – oppgåva vert løyst, men bidreg lite til å bygge fellesskap. Dette krev òg mykje rekrutteringsarbeid.
- - Det bør vere fleire som får eit ansvar for å rekruttere og følgje opp – det er avgrensa kor mange ein person kan følgje opp – frivillige kan òg ha ei slik oppgåve.
- - Tydeleg ansvarsavklaring mellom sokneråd og tilsette der ein legg vekt på god kommunikasjon og samhandling. Vi må unngå at manglande avklaring fører til misforståingar og at opplæring og oppfølging ikkje vert god nok.
- - God nok informasjonsflyt mellom sokneråd og tilsette – slik at sokneråda får den informasjonen dei treng for verksemda si.
- - Tydeleg, god og tilgjengeleg informasjon til dei frivillige om kva oppgåva går ut på.
- - Vi er relativt gode når det gjeld rekruttering, men mindre når det gjeld opplæring og oppfølging.
- - God nok oppfølging av frivillige – både med direkte kontakt og felles opplevingar.

MÅL

Fleire skal kjenne glede over å vere med i frivillig arbeid og få eigarskap til aktiviteten i kyrkjelyden.

Vi skal ha nok frivillige til å utføre dei oppgåvene sokneråda har, på ein god måte – og handlingsrom til å setje i gang nye planlagde oppgåver.

Vi har nådd måla når vi har

- - nok frivillige til dei oppgåvene vi har – samt ein reserve
- - stabilitet over tid og har redusert omfanget av «turn over»
- - nok frivillige til å setje i gang nye planlagde tiltak
- - auka deltaking på gudstenester og andre aktivitetar
- - fleire frivillige frå «eingongsaktivitet» til teneste over tid
- - fleire frivillige som rekrutterer frivillige
- - rom for sjølv å forme/prege den tenesta frivillige deltek på – og fleire som gjer det
- - fleire frivillige som tek ansvar t.d. som gruppeleiarar.

Sokneråda rapporter på grad av måloppnåing i årsmeldinga, der det vert nytta eit enkelt rapporteringsskjema.

Handlingsplan for å rekruttere, lære opp og ta vare på frivillige medarbeidrarar

TILTAK

Rekruttering			
Nr.	Tekst	Ansvar	År
01	<p>Vi skal utarbeide ein rettleiar for rekruttering. Denne skal vere eit vedlegg til planen og vedtakast samstundes med planen.</p> <p>Rettleiaren skal seie noko om kvifor, kven rekrutterer, kven spør vi, kva vi må hugse på, når vi spør, organisering og planlegging. Hjelphemiddel i rekrutteringsarbeidet vil vere rutineskildringar, velkomstbrev til nye frivillige medarbeidrarar, og informasjon/skjema for avtale, teieplikt og kontaktinformasjon. For å kunne nå ut med informasjon på ein meir effektiv måte, ønskjer vi å leggje alle frivillige medarbeidrarar inn i kyrkjekontoret sin database.</p>	Prosjektgruppa	2019
02	<p>Vi skal utarbeide rutineskildringar for alle oppgåver som vert utført av frivillige medarbeidrarar. Dette skal vere eit hjelphemiddel i arbeidet med å rekruttere, lære opp og ta vare på.</p>	Prosjektgruppa	2019
03	<p>Vi skal lage organisasjonskart for dei ulike tenestene som mellom anna skal sikre ansvarsavklaring mellom sokneråd og stab. Der det høver, vil vi prøve ut ei ordning med frivillige gruppeleiatarar for dei ulike tenestene.</p>	Prosjektgruppa	2019
04	<p>Vi skal greie ut korleis vi kan rekruttere fleire ungdomar.</p>	Stab	2020

Opplæring			
Vi skal ha følgjande tilbod om opplæring:			
Nr.	Tekst	Ansvar	År
05	<p>Den første opplæringa er ein del av rekrutteringa, der målet er å skape tryggleik i høve til oppgåva før ein byrjar – gjerne med ein mentor eller «skulder-ved-skulder» opplæring den første tida.</p> <p>Alle frivillige medarbeidrarar skal ha ein kontaktperson som dei kan kontakte, om det er noko dei lurer på. Kontaktpersonen kan vere ein frivillig (gruppeleiaren), ein frå soknerådet eller ein frå staben.</p>	Gruppeleiari for tenesta eller sokneråd/stab. Sjå rutineskildring	Fort-løpende
06	Gruppeiarane vert følt opp månadleg med ein telefonsamtale eller anna kontakt.	Stab	2019/2020
07	Halvårlege/heilårige møte med alle gruppeiarane på tvers av sokna med opplæring, gjennomgang av rutineskildringar m.m.	Stab	2019/2020
08	Gruppeiarane eller sokneråda kan ha møte med sine frivillige medarbeidrarar etter behov – t.d. etter fellesmøta (jf. pkt. 06).	Gruppeleiari eller sokneråd	2019/2020
09	Kurs utover dette vert vurdert etter behov og tilgjengelege ressursar.	Stab	Fort-løpende vurdering

Handlingsplan for å rekruttere, lære opp og ta vare på frivillige medarbeidrarar

Følgje opp og ta vare på God opplæring er òg ein del av det å ta vare på. I tillegg vil vi ha følgjande tiltak (nokre av desse er eksisterande tiltak som vert videreført, andre er nye):			
Nr.	Tekst	Ansvaret	År
10	Årleg medarbeidarfest for alle frivillige medarbeidrarar (haust) Samlingar utover denne eine vert vurdert utifrå ønskje og tilgang på ressursar (frivillige).	Stab	Eksisterande tiltak som vert videreført.
11	Sokneråda sine årsfestar (årsmøte) der frivillige i soknet vert særskilt inviterte.	Sokneråda	2019/2020
12	Sommarhelsing med takk for innsatsen og informasjon om det som skal skje frå hausten av.	Stab eller sokneråd (vert avklart ved igangsetjing)	2020
13	Takk til jul 1. Felles julehelsing til alle frivillige medarbeidrarar i kyrkjelydsbladet og på nettsida. 2. Sokneråda kan i tillegg ha eigne opplegg for sine frivillige medarbeidrarar.	1. Stab 2. Sokneråd	1. 2019 2. 2019/2020
14	Takk ved avslutning av engasjement	Stab eller sokneråd	2019/2020
15	Forbøn i gudstenesta for dei frivillige og det frivillige arbeidet.	Prestar og diakon	2019/2020
16	Framsnakking og presentasjon av frivillig medarbeidarskap skal skje på samlingar som gudstenester (kunngjeringsplass), kyrkjekaffi, salmekveldar, kvardagstru, juletrefest, kyrkjelydstur, kyrkjegardsdugnad og basarar.	Stab eller sokneråd i samarbeid med frivillige	2019/2020

Dette er tiltak som til dels er konkret oppfølging av den einskilde medarbeidaren, men òg fellestiltak for alle i kyrkjelyden - og som bidreg til fellesskap og å høyre til.

OVERSYN VEDLEGG

- VEDLEGG 1: Strategiplan for dei kyrkjeleg tilsette sitt abeid med frivillige (2017)
- VEDLEGG 2: Oversyn over rutineskildringar som gjeld oppgåver utført av frivillige
- VEDLEGG 3 a: Rettleiar for rekruttering av frivillige
- VEDLEGG 3 b: Velkomstbrev
- VEDLEGG 4: Årshjul
- VEDLEGG 5: Skjema for sokneråda si rapportering på måloppnåing



Kyrkjevegen 6
6856 SOGNDAL
Tlf: 57 67 99 85
diakon@sogndal.kyrkja.no

Mai 2017

Dei kyrkjeleg tilsette sitt arbeid med frivillige Strategiplan

Visjon

Saman vil vi være Den treeinige Gud-ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelyder og fremje rettferd

Hovudmålsetting

Kyrkja er eit fellesskap av alle døypte, både tilsette og frivillige, med relasjon til Gud og kvarandre.

Med dei ressursar og evner vi har, vil tilsette saman med frivillige legge vinn på

- å styrke relasjonane
- byggje kyrkjelyden
- at den einskilde skal finne sin plass og høyra til

Verdigrunnlag

Samarbeidet i kyrkjelyden mellom tilsette og frivillige er ein sentral diakonal dimensjon ved det å vere kyrkje, basert på verdiane for :

- ❖ Nestekjærleik og likeverd- Jesus sitt bod til oss.
- ❖ Inkluderande fellesskap - plass til alle. Kyrkja som ein trygg heim til oppbygging og trøyst.
- ❖ Empowerment og autonomi-gi kvarandre mynde og rom til å vere seg sjølv, blomstre og utøve ut frå eigne ressursar.
- ❖ Respekt og omsorg-sjå seg tilbake, har eg gjort rett? Sjå og høyre den andre.

Strategi

- ❖ Tilsette skal arbeide med korleis samarbeidet med frivillige skal vere prega av gjensidig respekt for kvarandre.
- ❖ Tilsette må ha vilje til ivaretaking og oppfølging av dei frivillige.
- ❖ Tilsette må legge vinn på ei motiverande haldning, med utveksling og utvikling av kompetanse, ferdigheter og kunnskap.
- ❖ Tilsette må legge til rette for, og fristille frivillige til eigne val og la dei vere med og påvirke avgjersler.
- ❖ Frivillig arbeid skal bidra til å gi mening og samanheng for kyrkjelyden og for den einskilde.
- ❖ Tilsette skal sikre god kommunikasjon og informasjonsflyt i samarbeidet med frivillige til ein kvar tid.

Rammer

Uavhengig av stillingsinstruks, er dette dokumentet den gjeldande strategiplanen for alle tilsette sitt samarbeid med dei frivillige.

Tilsette skal forholda seg til dei ulike sokna sitt frivilligarbeid ved å vere fleksible og innhente informasjon om korleis dei ulike sokna i praksis samarbeider med dei frivillige.

Strategi i praksis – neste steg :

- Tilsette skal nytta eit månadleg stabsmøte til å leggje fram behov for hjelp av frivillige på lengre sikt.
- Tilsette skal arbeide langsiktig i rekrutteringsarbeidet med frivillige, for å sikre kontinuitet og gode rammer.
- Tilsette må legge gode rammer til rette for engasjement som er /vil bli kortsiktige.
- Aktive frivillige kan mobilisera andre frivillige til teneste og lære dei opp, og slik vere vegvisarar, tilsette vil vere med og legge til rette for dette.
- Tilsette må legge til rette for gode rammer og forutsigbarheit for dei frivillige.
- Tilsette skal legge til rette for kompetanseutvikling og inspirasjons-samlinger for frivillige.

Tilsette sitt frivilligarbeid i høve sokneråda og publisering:

- Desse tre punkta vert viktige i kontakt med frivillige:
 - Likeverd
 - Inkludering
 - Respekt
- Strategiplanen vert gjort kjent som informasjon til sokneråda.
- Sokneråda kan nytte strategiplanen i sitt arbeid til inspirasjon og som innfallsvinkel til vidare arbeid.

Oppfølging og revisjon av planen:

- Diakonen har ansvar for å oppmøde kyrkjeverje til å ta strategiplanen opp som sak på stabsmøte ein gong pr.år. I den samanheng bør tilsette oppmodast til å gjere greie for sitt arbeid med frivillige, med utgangspunkt i planen.



Oversyn over rutineskildringar som gjeld oppgåver utført av frivillige

Andakt på SHOS
Babysong
Besøksteneste
Blomar ved fødselsdag (Kaupanger)
Brannvakt ved utleige
Bøsseberar ved fasteaksjonen
Dugnad kyrkje/kyrkjegard
Englevakt
Gruppeleiar
Konfirmant som medhjelpar i gudstenesta
Konfirmantforeldreoppgåver:
<ul style="list-style-type: none">• Bake• Sjåfør• Nattevakt på leir
Konfirmant – heimegruppeleiar
Konfirmant – superlaurdag – medhjelpar/undervisar
Konfirmant – påskevandring – medhjelpar/undervisar
Konfirmantkapper
Konsertar
Kyrkjekaffi
Kyrkjetenar (når frivillige er vikar)
Kyrkjetenar
Lys Vaken – nattevakt
Open kyrkje – Stedje (fastetida)
Open kyrkje – Stedje (sommar)
Småtrolltrall
Sjåfør ved fasteaksjonen
Tekstlesar/medliturg
Tårnagenthelg

Det er pr. 2020 laga malar for rutineskildringane. Sokneråda avgjer sjølv kva for rutineskildringar dei treng og godkjenner innhaldet.

Rutineskildringane vert publiserte på heimesida til det enkelte sokn etter kvart som sokneråda har tilpassa innhaldet til lokale tilhøve og gjort vedtak.



Rettleiar for rekruttering av frivillige medarbeidrarar

Rettleiaren gjeld for både sokneråd og tilsette

Kvifor?

Vi ønskjer at fleire skal kjenne glede over å vere med i frivillig arbeid og fellesskap i kyrkja, og vi treng fleire frivillige medarbeidrarar for å utføre dei oppgåvane kyrkja har.

Kven rekrutterer?

Både sokneråd og tilsette har eit ansvar for å rekruttere frivillige medarbeidrarar. Kven som har hovudansvaret for dei ulike tenestene går fram av rutineskildringa og organisasjonskart for den einskilde tenesta.

Men alle frivillige har eit medansvar for å rekruttere. Kyrkjelyden må òg kunne utfordrast. Det er som oftast enklare å seie ja til ein ven enn når ein tilsett spør. Sjå elles punktet om organisering.

Kven spør vi?

- Som regel nokon vi kjenner – då er det viktig at mange vert involverte, slik at kontaktflata vert størst mogleg.
- Tilflyttarar – det er viktig at dei vert «fanga opp» - i nabolaget, etter gudstenesta og under kyrkjekaffien.
- Pensjonistar – her gjeld det same.
- Foreldre, fadrar, besteforeldre og studentar er viktige grupper – spesielt når det gjeld trusopplæring og konfirmantundervisning. Denne gruppa er viktig og har eit stort potensiale for vidare engasjement.
- Ikkje berre «Tordenskjolds soldatar» - det er plass og oppgåver til alle, og det er viktig å syne tillit ved å spørje.

Når vi spør:

Vi kan spørje generelt om nokon er interesserte i å vere frivillige i kyrkja og spørje kva dei kan tenke seg å gjere – eller vi kan spørje om ei konkret oppgåve. Då må vi gje tydeleg og god informasjon om kva oppgåva går ut på. Rutineskildringar er tilgjengelege på kyrkja si nettside.

Sjølv om vi har rutineskildringar, skal det vere rom for at den frivillige sjølv skal kunne forme delar av tenesta. Likeverd, inkludering og respekt er viktige stikkord i all kontakt med frivillige.

Når nokon har sagt ja til ei konkret oppgåve:

- Det må ikkje gå for lang tid før vedkomande får ei oppgåve – vi har ikkje råd til å miste potensielle medarbeidrarar.
- Det må skapast tryggleik til utføringa av oppgåva med opplæring før dei byrjar – gjerne ein «mentor» eller «skulder-ved-skulder» opplæring den første tida.
- Dei må få informasjon om kven som er kontaktperson, opplæring, moglege samlingar/kurs, og at dei vil få eit velkomstbrev med meir informasjon om dette.
- Dei vil òg få informasjon om avtale, teieplikt og registrering av kontaktinformasjon for å nå ut med informasjon til dei. Registrering av namn, adresse, telefonnummer og e-postadresse krev samtykke.
- Dersom det er ein frivillig som har «verva» ein ny medarbeidar, kan det vere meir føremålstenleg at ein i soknerådet eller staben følgjer opp dei føregåande kulepunktta.

Handlingsplan for å rekruttere, lære opp

og ta vare på frivillige medarbeidrarar

VEDLEGG 3 a

Organisering og planlegging

- Lage eit oversyn over kva vi treng i dei ulike sokna og til fellesoppgåver. Sjølv om vi ønskjer at frivillige ikkje berre skal ha korte «engasjement», er det nok enklare å seie ja til ei konkret utfordring med konkrete datoar enn ei generell teneste utan sluttdato.
- Planlegg tidleg slik at vi i god tid veit kva for behov vi har – då er det òg mogleg å be ein som alt er frivillig om å ta med seg ein ven.
- Gjere behova synlege i kyrkjelyden – under gudstenesta, på kyrkjekaffien, på plakatar, utdelingsark etter gudstenesta, i annonsar i kyrkjelydsbladet og på nettsida osb. Men hugs at det er den personleg kontakten, som gir best uttelling.
- Setje dette i system – t.d. med kartlegging av behov på våren, sjå VEDLEGG 4 Årshjul. Send gjerne ei sommarhelsing til alle frivillige med takk for innsatsen dei gjer, fortel dei om kva soknet treng av frivillige frå hausten av, og spør om dei kan vere ambassadørar for kyrkja i løpet av sommaren. Samstundes kan dei få informasjon om moglege samlingar for frivillige i løpet av hausten.
- Sokneråd og stab kan legge desse aktivitetane inn i sine årshjul.

Til slutt

Hugs å seie takk – når ei oppgåve vert utført - men òg når nokon vel å gje seg. Vi må gjerne ønskje vedkomande attende ved eit anna høve, og ingen skal ha därleg samvit for å seie at no må eg ha ein pause. Kan hende bør dei som jobbar tettast opp mot dei frivillige, òg ha eit vake auge for at no røyner det litt på for nokon. Det er betre at nokon reduserer litt på oppgåvene sine, enn at dei forsvinn heilt.

Vi som spør, må heller ikkje gløyme å fortelje kva som har gjort oss til glade medarbeidrarar i kyrkja.

Ressursar / vedlegg

- VEDLEGG 3 b Velkomstbrev til nye frivillige medarbeidrarar - med retningslinjer og spørsmål om kontaktinformasjon.
- Rutineskildringar (ligg på kyrkja si nettside)



DØME på brev frå Stedje sokneråd

Kjære NAMN

Sogndal, 14. januar 2021

Velkommen som frivillig medarbeidar i Stedje kyrkjelyd!

Takk for at du har sagt deg villig til å bruke av fritida di i kyrkjelyden vår!
Vi er glade for at du ønskjer å vere med som **TENESTE**.

Kontaktpersonen din er **NAMN KONTAKTPERSON**
som lettast kan kontaktast på telefon **TLF GR.L** E-post **EPOST GR.L**

Som frivillig medarbeidar er du viktig for mange! Dette ønskjer vi å minne om på ulike måtar.
Mellan anna kan du rekne med å verte invitert til halvårleg eller årleg samling med dei andre som har same teneste som deg. Kontaktpersonen din vil kunne gje deg meir informasjon. Desse samlingane kjem i tillegg til den store årlege medarbeidarfesten som til vanleg vert halden i september.

Alle samlingar i regi av Den norske kyrkja er opne for alle. Dette gjeld ikkje minst gudstenestene på søndagar, som er hovudsamlinga i kyrkja. Hjarteleg velkommen dit!

Retningslinjer for frivillige medarbeidrarar i Stedje kyrkjelyd

- a) Eg arbeider i tråd med målsetjinga til kyrkjelyden.
- b) Personlege opplysingar som eg får kjennskap til i tenesta, er underlagt teieplikt. Dette gjeld òg etter at eg har gått ut av tenesta.
- c) Dersom eg skal arbeide med barn og ungdom, må eg kunne leggje fram gyldig politiattest.
- d) Eg har rett til ein kontaktperson som eg kan vende meg til ved faglege og personlege spørsmål.
- e) Eg har ikkje lov til å ta imot gåver i samband med frivillig arbeid. Dersom nokon vil gje ei gave eller pengar, kan desse gjevast til kyrkjelyden sitt arbeid. Unnateke frå dette er blomar, konfekt eller liknande innan rimelege grenser.
- f) Dersom eg ønskjer å slutte, ta permisjon eller skifte til ei anna teneste som frivillig medarbeidar, vil eg gje melding i god tid.

Ikkje nøl med å ta kontakt om det er noko du lurer på!

I tillegg kan du alltid finne generell informasjon om frivillig teneste i kyrkjelyden på nettsidene våre:
Gå til <http://www.sogndal.kyrkja.no> og klikk på «**Frivillig i kyrkja**». Her finn du òg ein omtale av den oppgåva du har teke på deg, og andre nyttige opplysningar.

Velkomen i medarbeidarfellesskapen!

Venleg helsing

Helge Torstad
leiar Stedje sokneråd
mob. 452 15 829
e-post: helgetorstad@gmail.com

Det er fint om du leverer kontaktinformasjon til gruppeleiar eller ein av dei tilsette, på e-post til post@sogndal.kyrkja.no. Kontaktinformasjonen vil verte lagt inn i kyrkjekontoret sitt dataregister for frivillige medarbeidrarar, slik at vi enkelt kan nå ut med relevant informasjon til alle.

Kontor: Fossetunet 1a, Sogndal
Postboks 180
6851 SOGNDAL

Opningstider på kontoret:
måndag - fredag kl. 09.00 – 15.00

Telefon kontor: 57 67 99 85
E-post: post@sogndal.kyrkja.no
www.sogndal.kyrkja.no



Årshjul for år _____

side 1 av 3

Månad	Oppgåve	Dato	Ansvar	Merknader
Januar	Påminning til sokneråda om årsmelding frivillige inkl. kartlegging behov for frivillige.		Sokneprestane	Påminning frå ungdomsprest til sokneprestane.
	Årsmelding m/rapport måloppnåing.		Sokneråda	Første gong i 2021 – årsmelding for 2020.
	Kartleggje behov for frivillige.		Sokneråda	
	Følgje opp gruppeleiarane.		Sokneråd / frivilligkontakt	Møte eller telefon – fast i januar jf årsmelding mm.
	Juletrefest		Dåpsringen i Stedje/diakon	
Februar	Stoff til kyrkjelydsblaða. Vert òg lagt på nettsida		Redaktør	
	Følgje opp gruppeleiarane.		Sokneråd / frivilligkontakt	Møte eller telefon <i>etter behov</i>
Mars	Sokneråda sine årsfestar.		Sokneråda	Frivillige medarbeidrarar er særskilt inviterte.
	Følgje opp gruppeleiarane.		Sokneråd / frivilligkontakt	Møte eller telefon <i>etter behov</i>
April	Møte med alle gruppeleiarane på tvers av sokna med opplæring, gjennomgang av rutineskildringar m.m.		Diakon	1 årleg møte. I samarbeid med Inger P. og frivilligkontakt i sokneråda
	Gruppeleiar eller sokneråd har møte med sine frivillige etter behov.		Gruppe-leiar eller sokneråd	Møtet vert halde etter fellesmøtet. Innspel til revisjon av rutineskildringar.
Mai	Stoff til kyrkjelydsblaða. Vert òg lagt på nettsida.		Redaktør	Sommarhelsing og informasjon om medarbeidarfesten.
	Stabsdag sak: Drøfte status på det frivillige arbeidet.		Kyrkjeverje	
	Stabsdag sak: Tidfeste medarbeidarfest haust og velje komité.		Kyrkjeverje	
	Minne sokneråda om å * kartleggje behov for frivillige i august * kontrollere rutineskildringar		Rådgjevar økonomi og arkiv	Med kopi til Inger P.



Årshjul for år _____

side 2 av 3

Månad	Oppgåve	Dato	Ansvar	Merknader
	Sommarhelsing I kyrkjelydsblaða, på nettsida og som kunngjering.		Redaktør	Takk for innsatsen, informasjon om hausten og behov for frivillige.
	Følgje opp gruppeleirane.		Sokneråd / frivilligkontakt	Møte eller telefon etter behov.
Juni	Følgje opp gruppeleiarane.		Sokneråd / frivilligkontakt	Møte eller telefon etter behov.
Juli	Sommarferie			
August	Stoff til kyrkjelydsblaða. Vert òg lagt på nettsida.		Redaktør	Diakon: intervju med ein friviljug
	Kontrollere rutine- skildringar.		Sokneråd / frivilligkontakt.	Framgangsmåten går fram av rutineskildringa.
	Kartleggje behov for frivillige		Sokneråda	Jf påminning frå rådgjevar i mai
	Følgje opp gruppeleiarane.		Sokneråd / frivilligkontakt	Møte eller telefon etter behov.
	Kyrkjelydstur		Diakon	
September	Stabsdag sak: Drøfte status på det frivillige arbeidet.		Kyrkjeverje	
	Følgje opp gruppeleirane.		Sokneråd / frivilligkontakt	Møte eller telefon etter behov.
	Medarbeidarfest avvikling		Komit� fr� stab	
Oktober	<i>Møte med alle gruppeleiarane p� tvers av sokna med oppl�ring, gjennomgang av rutine- skildringar m.m.</i>		Diakon	<i>Vurdere om det er nok med ei slik samling i �ret - i april.</i>
	Gruppeleiar eller sokner�d har m�te med sine frivillige etter behov.		Gruppe-leiar eller sokner�d	M�tet vert ev. halde etter fellesm�tet.
November	Stoff til kyrkjelydsblaða. Vert òg lagt på nettsida.		Redaktør	Julehelsing Sokner�da kan ha eigne ordningar i tillegg.
	Følgje opp gruppeleiarane.		Sokner�d / frivilligkontakt	Møte eller telefon etter behov.
Desember	Følgje opp gruppeleiarane.		Sokner�d / frivilligkontakt	Møte eller telefon – �nske god jul og takke for innsatsen.



Årshjul for år _____

side 3 av 3

Ikkje datofesta	Oppgåve	Dato	Ansvar	Merknader
	Kyrkjekaffi på diakoniens dag		Prestar og diakon	Informasjon om frivillig arbeid.
	Salmekveldar		Prest og sokneråd	
	Kvardagstru		Arrangør	Tiltak for friviljuge – og informasjon om høvet til å vere friviljug. Ved oppstart og når det høver.
	Basarar		Diakon	Informasjon om frivillig arbeid
	Kyrkjegardsdugnader		Sokneråda	Ikkje organiserte innlegg, men ein viktig arena der ein kjem i kontakt med mange.
Fortløpande	Oppgåve	Dato	Ansvar	Merknader
	Forbøn i gudstenesta for dei frivillige og det frivillige arbeidet,		Prestar og diakon	Vert gjort i samband med planlegging av dei einskilde gudstenestene.
	Sende melding om ny / endra / slutta medarbeidar til kyrkjekontoret.		Gruppe leiar eller sokneråd	
	Sende velkomstbrev til nye medarbeidrarar		Sekretær (Ev. sokneråda sjølv)	Fast brevmal. Kyrkjekontoret sender ut velkomstbrev på vegner av sokneråda. og legg inn kontaktinformasjon.
	Legge inn ny / endre kontaktinfo i Medarbeideren og tilhøyrande malar.		Rådgjevar for gravplassforvaltning og IKT	
	Sende takkebrev ved avslutta engasjement.		Sekretær (Ev. sokneråda sjølv)	Fast brevmal. Kyrkjekontoret sender ut takkebrev på vegner av sokneråda.
	Takke medarbeidrarar som har avslutta tenesta offentleg - etter ynske/behov		Sokneråda	Ved kyrkjekaffi, årsfest/årsmøte el.l Heng litt saman med type teneste og kor lenge ein har vore i teneste.
	Særskilt ansvar for å halde fokus på frivillig-arbeidet i staben.		Diakon	jf stillingsskildring

Tidfesting av dei av dei ulike tiltaka/oppgåvene vert gjennomgått på dei halvårlege stabsdagane. Kyrkjekontoret fyller ut det som staben har ansvaret for, og sender over til sokneråda, som set inn sine fristar og legg inn i sine årshjul. (Denne versj. av årshjulet var vedteke i stabsmøte 29.09.2020)



Skjema for rapportering på måloppnåing

Vedlegg til sokneråda sine årsmeldingar

Handlingsplanen har dette målet:

Fleire skal kjenne glede over å vere med i frivillig arbeid og få eigarskap til aktiviteten i kyrkjelyden.

Vi skal ha nok frivillige til å utføre dei oppgåvane sokneråda har, på ein god måte - og handlingsrom til å setje i gang nye planlagde oppgåver.

Rapport frå _____ sokneråd for året _____

Tema	Ja	Nei	Merknader
Har soknerådet nok frivillig til å utføre dei oppgåvane soknerådet har på ein god måte?			
Har soknerådet handlingsrom til å setje i gang nye oppgåver?			
Har det vore auka deltaking på guds-tjenester og andre aktivitetar?			
Er det fleire frivillige som har gått frå «eingongsaktivitet» til teneste over tid?			
Er det fleire frivillige som har teke ansvar som t.d. gruppeleiar?			
Har alle frivillige ein kontaktperson?			
Er det utarbeidd rutineskildringar på dei områda soknerådet meiner det er behov?			

Eventuelt andre merknader: